

## **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 17.02.2021**

Aleksander Fosse Andersen (SP) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS. Andersen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samråystes at Andersen var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd e. Andersen gjekk frå under behandlinga av saka.

John Andre Kongsvik (H) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han var vara til Bergen Vitensenter AS. Kongsvik opplyste at han ikkje var blitt innkalt til møte, og hadde difor ikkje møtt. Kongsvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samråystes at Kongsvik ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd e.

Rasmus Laupsa Rasmussen stilte spørsmål om han var inhabil fordi han tidlegare hadde vore medlem av generalsamlinga av Vitensenteret. Rasmussen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samråystes atasmussen ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd e.

Karoline A. Bjerkeset, SP, var vara for Aleksander Fosse Andersen, SP, i denne saka.

**Rosalind Fosse, FrP**, sette fram slikt forslag:

«3. Vestland fylkeskommune gjev investeringstilskot på kr 4 mill til Vitensenteret ViteMeir og kr 6 mill til Vitensenteret VilVite. Løyvinga vert finansiert med auka sal av eigedom med kr 10 mill i investeringsbudsjettet for 2021. Dersom rekneskapen for 2020 syner overskot vil fylkestinget vurdera om tilskotet skal finansierast med overskotsmidlar frå 2020-rekneskapen til Vestland fylkeskommune.»

**Rasmus Laupsa Rasmussen, A**, sette på vegne av A, SP, SV, KrF og MDG fram slikt forslag:

«3. Fylkesutvalet utset handsaming av investeringsmidlane, og ber om at søkerne om eingangsstøtte til VilVite og ViteMeir vert vurdert i samband med disponeringa av overskotet for 2020. Her må dei enkelte investeringsbehova konkretiserast slik at søkerne kan vurderast best mogleg utfrå den økonomiske heilskapen.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag, punkt 1 og punkt 2, vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3, fekk 12 røyster og vart vedteke mot 3 røyster (H).

Fosse sitt forslag fekk ei røyst ( FrP) og falt.

Rasmussen sitt forslag fekk 12 røyster og vart vedteke mot tre røyster (H).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.
2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeidning av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.
3. Fylkesutvalet utset handsaming av investeringsmidlane, og ber om at søkerne om eingangsstøtte til VilVite og ViteMeir vert vurdert i samband med disponeringa av overskotet for 2020. Her må dei enkelte investeringsbehova konkretiserast slik at søkerne kan vurderast best mogleg utfrå den økonomiske heilskapen.

